



HELSETILSYNET
I SOGN OG FJORDANE

Mottatt HV RHF
25 JAN 2006

KOPI

Helse Førde
Att. Administrerende direktør
Førde sentralsjukehus

6807 Førde

DYKKAR REF. / YOUR REF.:

VÅR REF. / OUR REF.:

DATO / DATE:

2006/320

24.01.2006

Tilsynssak - Prioritering av pasientar ved Ortopediklinikken i Lærdal

Helsetilsynet i Sogn og Fjordane viser til brev frå Helse Vest RHF dagsett 19.01.06 og oppslag i Dagbladet og Bergens Tidende same dag.

Med heimel i § 2 i lov om statleg tilsyn med helsetenesta og § 6-2 i spesialisthelsetenestelova ber vi om liste over alle pasientar som er tilvist Ortopediklinikken i Lærdal i perioden 10.10.2005 – 10.01.2006 med følgjande tilleggsopplysningar:

- Tilvisingsdato
- Fødselsdato og bustadadresse
- Kopi av vurderingsvedtaka som er gjort for desse pasientane og meldingane som er gitt/sendt til pasientane, jamfør lov om pasientrettar § 2-2. Det vil seie om dei har rett til helsehjelp og innanfor kva frist helsehjelpa skal vere gitt.
- Diagnose
- Ved kva sjukehus behandlinga er eller blir planlagt utført.

Vi ønskjer vidare kopi av eventuelle skriftlege prosedyrar og styrande dokument for prioritering av pasientar. Det gjeld og e-posten det er vist til i media og eventuelle andre e-postar med styrande innhald.


Endeleg ønskjer vi ein uttale til saka frå leiinga i Helse Førde og frå den eller dei overlegane ved Ortopediklinikken i Lærdal som utfører prioriteringane av dei einskilde pasientane. I desse uttalane skal det gå fram kva styrande signal som har vore gitt for prioritering av pasientane og kva kriteria dei faktisk har lagt til grunn i sine prioriteringar.

Vi ber om at desse opplysningane vert sendt oss så snart råd er, helst innan 10.2.2006.

Med helsing



Petter Øgar
fylkeslege



Turid Måseide
rådgjevar

Kopi: Helse Vest, postboks 303 Forus, 4066 Stavanger
Helsetilsynet i Rogaland, ved kontaktfylkeslegen, Postboks 59, 4001 Stavanger
Helse- og omsorgsdepartementet, Postboks 8011 Dep, 0030 Oslo

Sakshandsamar: Petter Øgar ☎ 57 65 55 19